

Jone over 30 kilo, over 400 totalt

20.08.2012



Fiskesesongen i elva er på hell, den er over ved neste månedsskifte. Fangstrappinga til elveeigarlaget fortel at 400 kilo no er passert - summen så langt er 407. Men det er grunn til å tru at det kjem nokre etternølarar. I fjor vart det fiska 1000 kilo meir!

Blant dei einskilde fiskarane merkar ein seg stadig unge Jone Rørheim (biletet) som no har fått ein vaksen fisk til. Den var på 6,2 kilo og det betyr at han no har teke 33,2 kilo fisk - frå 5,2 til 9,8 kilo.